

Bø mållag

Årsmelding 2015

Årsmøtet for 2014 var på Bø prestegard 9. februar 2015. Det var 10 medlemmar med røysterett til stades.

Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Margit Ims (2015)
Nestleiar:	Else Børte (2015 og 2016)
Kasserar:	Dag Hallvard Østtveit (2015 og 2016)
Skrivar:	Kari Rast Monge (2014 og 2015)
Styremedlem:	Aase Marie Ulberg (2014 og 2015)
Vara:	Annette Myhre Hansen (2015)
Vara:	Sindre Flø (2015)

Laget har hatt åtte styremøte i 2015. Laget hadde 73 medlemmar ved årsskiftet, ei auke på fem.

- **Norsk Barneblad.** Alle 5.-klassingar i Bø får årsabonnement.
- **Kulturkveld om Theodor Kittelsen.** Me var medarrangør saman med Nes mållag. Kulturkvelden var på Kjernehuset i Gvarv 21. januar.
- **Nynorsk på kino.** Me hadde aksjon i Gullbring då Bø kino viste barnefilmen *Reisa til Fjærkongens rike* i mars. Sjøarane fekk ei gåve frå Bø mållag.
- **Årsmøtet til Telemark Mållag.** Sigbjørn Hjelmbrække stilte for Bø mållag på årsmøtet til Telemark Mållag i Hjartdal 11. april.
- **Politisk arbeid om kommunereform.** Me hadde temamøte om språklege konsekvensar av kommunesamanslåing 21. april. Jens Kihl heldt innleiing, ordførarar i Bø og Seljord stilte til debatt saman med Sigbjørn Hjelmbrække frå mållaget. Bø mållag har òg kome med innspel til forhandlingane.

- **Utdeling av målblome.** Tre verdige aktørar har fått målblome i 2015, Bø maling (januar), Bø ungdomslag (mai) og Bø kino (juni).
- **Skrivekonkurranse.** Bø mållag arrangerte skrivekonkurranse for ungdomsskuleelevar. Vinnarane blei kåra under Bøker i Bø. Samarbeidet med skulen var godt.
- **17. mai.** Mållaget hadde representant i 17. mai-komitéen.
- **Målbar.** Me har samarbeidd med Bull Inn og arrangert Målbar tre gonger i 2015. Quiz har stått på programmet desse kveldane.
- **Skulemål.** Bø mållag gav bokgåve til førsteklasingar og infoskriv til foreldre i førsteklasingen der det går nynorskelevar.
- **Bokgåve til barnehagane.** Alle barnehagane i Bø fekk ei bokgåve på ti nynorskbøker. Ei bokgåve blei òg delt mellom Bø helsestasjon, Bø legesenter og Bø tannhelseteneste til bruk på venteromma der.
- **Forfattarkveld med Hans Herbjørnsrud.** Me arrangerte forfattarkveld på Pizzafjoset 8. september.
- **Nynorske annonsar.** Bø mållag har ståande tilbod om hjelp til næringsdrivande som ønskjer å annonsere på nynorsk.
- **Salsverksemd.** Bøgradestokken frå 2007 er framleis ei god inntektskjelde for laget. Mållaget selte julehefte på julemessa på Bø museum og stilte med stand under Nattope i desember. Fire ivrige ungar har òg selt julehefte.
- **Verveaksjon.** Me har hatt ein verveaksjon med annonse i lokalavisa. Me vil gjerne ha fleire medlemmar.
- **Initiativ for LNK-medlemskap for Bø kommune.**
- **Initiativ for bruk av nynorsk i den nye Coop-butikken.**
- **Språkspalte i Bø blad og andre oppslag i media.** Bø mållag har vore synleg i media dette året, mellom anna med fast språkspalte i Bø blad, men òg i ulike saker hos Bø blad, Telemarksavisa, Varden og NRK Telemark.

Styret for Bø mållag, januar 2016

Årsmøtesaker

Opning av årsmøtet.
Godkjenning av saksliste og innkalling.
Val av ordstyrar og skriver.
Godkjenning av årsmelding for 2015.
Lokallagskontingent for 2017.
Godkjenning av rekneskap for 2015
og budsjett for 2016.
Val etter vedtektene ved valnemnda.
Val av utsendingar til årsmøtet i
Telemark Mållag og landsmøtet i Noregs Mållag.
Utnevnning av heidersmedlemmar.
Drøfting av lagsarbeid i 2016.

Lett servering.


Velkomne!



Bø mållag

Innkalling til årsmøte

Tysdag 9. februar 2016
kl. 19.00 på Pizzafjoset, Uvdal.



I 2015 har me gledd oss over nynorsk på kino for store og små!